

Kyrkje klokka

Nr. 3 - 2016

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

80. årgang

Randabygd kyrkje – ei levande folkekyrkje i 100 år

Før 1916 hadde dei i Randabygda godt etablerte misjonsforeiningar som fungerte bra. Kristenfolket var allereide engasjerte i Rand og Tistam misjonsforeining. Men dei mangla ei folkekyrkje som kunne samle folket frå vogge til grav. Det var tungvint å måtte reise til Vereide eller Utvik i båt i all slags ver året rundt både i dåp og gravferd. Ein kyrkjekomité tok saka og etter fleire års planlegging vart Randabygda kyrkje fullført i 1916. I fyrstninga vart den kalla Randabygda kapell.

Omtrent slik fortalte historikar Jon Tvinneheim om bakgrunnen for kyrkja. Under festmiddagen i grendahuset var det fleire som understreka at kyrkja ofte er det viktigaste bygget i ei lita bygd ved sida av skulen og grendahuset.

Tidlegare sokneprest i Hornindal, Ole Amund Gillebo, las frå salme 561 i Salmeboka, der det mellom anna står: «Her hvor vi bor, står et bygg som et tegn på vår tro». Uttrykket «tru» kan godt samanliknast med «tillit». Ein kan i så måte seie at folket




har tillit til kyrkja dei tilhører. Randabygd kyrkje er ei kyrkje for heile soknet, for liten og stor.

Men, som biskopen var tydeleg på, de må bruke kyrkja, også på søndagane, for

i dag les vi besökstalet i statistikkane. Og bevilgningane til sokna og prestestillingane vert ofte vurdert ut frå kor mange som brukar kyrkja.

Meir på side 13



«Nordfjordboka» snart ferdig

Praktbok om Nordfjord

«Nordfjordboka» er namnet på praktboka som kjem ut først i oktober. Ho er illustrert med godt over 1000 fotografi og sidetalet er i overkant av 500.

Innhaldet i første delen er 26 artiklar, skrivne av fagfolk, om ulike sider ved regionen Nordfjord, og ein større del som presenterer kvar av dei sju kommunane. Dette er ei kulturhis-

torisk vandring Nordfjord rundt der kommunane er presenterte med tekster om stader, folk og hendingar. Utvalet i presentasjonen er gjort i samarbeid med lokale representantar.

Undertittelen på Nordfjordboka er «kulturhistorisk vegvisar» som viser at fortida har ein brei plass i framstellinga. Men mykje av stoffet handlar også om notida.

Meir på side 4

Sommervikariat i Indre Nordfjord

Jeg har blitt utfordret til å skrive noen ord om min sommertjeneste i Indre Nordfjord, og det første som slår meg er hvor fort tiden går! Her befinner jeg meg på en kafé midt i Oslo sentrum, og for bare litt over en uke siden våknet jeg opp til verdens vakreste utsikt med sauер utenfor døra. Det er merkelig at dette lille landet kan romme så ulike verdener, men på den andre siden – takk og pris!

Det er gått noen uker siden jeg først ankom Indre Nordfjord. 1. juli rullet bussen inn på Stryn busstasjon, og jeg husker jeg var spent på hva sommeren skulle bringe. Jeg så frem til dager i naturskjonne omgivelser, men når jeg nå ser tilbake på tiden min er det like mye menneskene som har bidratt til at sommeren har blitt så fin som den var! Mennesker som brenner for bygda si, jobben sin og kirka si har gjort et inntrykk, og det er flott å høre og la seg inspirere av hva som skjer i de lokale menighetene.

Det å være kirke er for meg å møte mennesker midt i livet, og fortelle om Guds håp og kjærlighet for oss mennes-



Irlin Bråten.

sker. Det er derfor godt å kunne være tilstede i både sorg og glede - i gravferd og gudstjenester. Det betyr derimot ikke at det er en enkel sak. Menneskers liv er like fargerike som regnbuen, med både kalde og varme farger, men det er godt å kunne peke på en Gud som ønsker å ta del i alle livets nyanser - en Gud som er nær.

Det er mange inntrykk jeg tar med meg etter endt sommertjeneste, og det beste ordet jeg kan oppsummere med er takknemmelighet. Så takk til dere som har tatt meg imot og invitert meg på middag, takk til dere som har lånt meg sykkel og vist meg rundt i bygda deres, takk til dere som har betrodd meg med fortellinger fra livets skyggesider, og takk til dere som har vært tilgjengelige og behjelpelege med store og små utfordringer!

Jeg ønsker dere alt godt og Guds vel-signelse!

Vennlig hilsen

Irlin Bråten

Sommerprest i Indre Nordfjord

«Saman om skatten» – Sjørøvarfest for 4-åringane

Med «Saman om skatten» som tema for trusopplæring i Indre Nordfjord kom ideen om ein sjørøvarfest for 4 åringar. Det vert ulike aktivitetar som skattejakt, innandørs fisking, drama, song - og møte med ein sjørøvar.

Ein sjørøvar som ikkje får det heilt til. Han har nemlig aldri funne ein einaste skatt! Kanskje kan 4 åringsane hjelpe han å finne ein skikkeleg skatt? Ein skatt som ikkje berre består av gullpengar, men også av skattar for livet!

Det vert to sjørøvarfester i Indre Nordfjord mandag 10.10. Ein i Utvik på dagtid og en i Stryn på ettermiddagen. (Det er haustferie og dei fleste barne-



Det blir sjørøvarfest både i Utvik og i Stryn mandag 10. oktober.

hagane har stengt denne dagane.) Alle born som er født i 2012 og som er døypt vil få ein invitasjon i posten med meir info iløpet av september.



Ta kontakt om ditt barn ikkje får brev. I løpet av hausten vert det også meir tradisjonell 4årsamling med hausttakkegudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Vi gler oss!

Hand i hand i Guds rike –

Familiesamling i Loen kyrkje

Av Beate Nes

Laurdag 11. juni inviterte trusopplæringa til familiesamling i Loen kyrkje. Alle 2-åringane var spesielt invitert. Temaet for samlinga var «Hand i hand i Guds rike».

For eg er liten, men god som gull.

Liten, men ikke eit null.

Liten, men gjer så godt eg kan.

Stor nok til å halde i Jesu hand.


Det vart ei fin samling, med song, bibelfortelling med dokkebesøk, bønevandring, grilling, fiskedam og leik.



Kulturgudsteneste på Svormuseet

Av Anne Lødemel
Honningsvåg
- kyrkjeverje i Hornindal -

Den etter kvart tradisjonelle gudstenesta vart halden søndag 7. august, og omlag 90 personar møtte fram. Dette



er eit samarbeid mellom kyrkja og museet der dei fram-møtte har gratis inngong til museet etter gudstenesta.

I år var det også den siste gudstenesta sommarvikar Irlin Bråten hadde.

Dagen tekst sto i Joh. 4,



Sommarvikar Irlin Bråten heldt gudstenesta, og Kristian Haugen song og spelte.
Foto: Anitha Kvamme.



Det var bra frammøte til den tradisjonelle kulturgudstenesta på Svormuseet. Foto: Anne L. Honningsvåg.

27-30, 39-43. Ho hadde ei fin preike om utgangspunkt i livets møtestader og korleis vi møter kvarandre.

Med oss hadde vi Kristian Haugen som song og spelte

sin eigen song «Eg lovar», og ein fin gjeng av dei som var konfirmert for 50 års sidan. Kåre Haugen og Kari Raftevold fortalte om korleis det var å vere konfirmant då.

«Nordfjordboka» snart ferdig

Av Jon Tvinnereim

Praktbok om Nordfjord

«Nordfjordboka» er namnet på praktboka som kjem ut først i oktober. Ho er illustrert med godt over 1000 fotografi og sidetalet er i overkant av 500. Innholdet i første delen er 26 artiklar, skrivne av fagfolk, om ulike sider ved regionen Nordfjord, og ein større del som presenterer kvar av dei sju kommunane. Dette er ei kulturhistorisk vandring Nordfjord rundt der kommunane er presenterte med tekster om stader, folk og hendingar. Utvalet i presentasjonen er gjort i samarbeid med lokale representantar.

Undertittelen på Nordfjordboka er «kulturhistorisk vegvisar» som viser at fortida har ein brei plass i framstellinga. Men mykje av stoffet handlar også om notida.

Fullføring av Jacob Aalands plan

Arbeidet for å lage ei bok om Nordfjord tok for alvor til i 1970-åra. Utgangspunktet var Jacob Aalands plan om å fullføre sitt bokverk om Nordfjord. Han skreiv som kjent om alle kommunane i Nordfjord kvar for seg med vekt på gardshistoria. Den første «Aalands-


boka» handla om Eid og Hornindal og kom ut i 1909. Alt då gjorde han kjent at han ville skrive eit «generalbind» om Nordfjord, om «landslutene Nordfjord», som han skreiv. Det skulle handle om det som var særeigent og felles for Nordfjord. Men Jacob Aaland hadde ikkje helse og levedagane til å fullføre dette storverket som skulle samle trådane og fortelje om regionen samla.

Då hundreårsminnet for Aalands fødsel vart feira i 1965, var det tankar om å fullføre planen om ei regionhistorie for Nordfjord. Ti år seinare kom det første initiativet og den første planen. Av ulike grunnar vart det ikkje noko av dette. Fleire nemnder vart seinare skipa, og nye planar vart lagde.

I 2005 vart det teke eit initiativ fra Nordfjord Sogelag som ført fram. Ein redaksjon på tre personar: Torkjell Djupedal, direktør i Selja Forlag, Sverre folkestad, styreleiar i Nordfjord Sogelag og historikaren Jon Tvinnereim utforma og gjennomførte ein plan for ei kulturhistorie om Nordfjord. Hovudmålet med boka er å gje eit kort innsyn i Nordfjords historie for folk som vil ha lett tilgjengeleg kunnskap om folk, levekår og kultur i Nordfjord-bygdene i fortid og notid.

Mellom forfattarane er fire-fem fra Indre Nordfjord. Ein interessant artikkel om om kristenliv i Nordfjord («Fedrane kyrkje i Noregs land») er skriven av Asbjørn Gjengedal og Jon Ytrehorn. Vi får her historia om kristendom og

Framhald side 5





Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Olav R. Faleide
post@kyrjklokka.no

Forretningsførar/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 990 28 076
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenent er frivilleg.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Fungerande sokneprest
Henny Koppen,
prostiprest
Mobil 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33
sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjeverjer

Stryn kommune

Børre Lian
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag 9-14

Kyrkjegarden i Hornindal har fått ekstra godt stell i sommar

Kyrkjegarden i Hornindal har i sommar fått ekstra godt stell, og arbeidet er gjort gratis. Arnfinn Kirkhorn har gjort det meste av arbeidet, og Reidar Jarle Støverstein har hjelpt til når det har vore nødvendig. Ynskje fra Arnfinn er at pengane soknerådet sparar skal gå til kyrkjegardsarbeidet.

Arnfinn har vore å treffe på kyrkjegarden nesten dagleg gjennom heile sommaren, og seier at han gjerne tek på seg arbeidet neste år også. I tillegg til slåing har han teke ansvar for rydding omkring kyrkja, og hatt tilsyn med toaletta. Han har gjort ein god jobb.



Arnfinn Kirkhorn.

Soknerådet takkar Arnfinn og Reidar Jarle for jobbane dei har gjort.

Babysong i Stryn

*Av Kyrkjelydspedagog
Janet Rudolph*

Dei fyrste leveåra i eit barns liv er svært viktige. Song, musikk, rytme og rørsle etter musikk har til alle tider vore foreldre sitt store kontaktpunkt med borna sine. Kven har ikkje opplevd at besteforeldre, foreldre og sysken har sunge kveldssongar, voggeviser og barnesongar for ein då ein var liten? Babysong i Stryn har vi hatt sidan vinteren 2009/2010 og vi starter opp igjen tysdag, 30.august kl 10.30 med samling i Betania, Stryn sentrum. For heile kommunen vil Stryn babysong vere ein plass for å lære og å friske opp att denne songskatten saman med borna sine, et møtested kor vi kan høre og



gjøre, være og lære, synge og sanse, gynge og danse.

Etter babysongen er det tilbod til å bli igjen for ein prat rundt ein kaffikopp på Betania.

Janet Rudolph, som er kyrkjelydspedagog, ønsker både store og små hjerteleg velkommen på babysong. Følg gjerne facebooksida vår StrynBabysong.

Framhald frå side 4

kristenliv i Nordfjord i kortform. Perspektivet går frå klosterert og bispesetet på Selja, via vekkingsrørsler i nyare tid og til dei utfordringane som kyrkja og dei kristelege organisasjonane står overfor i ei sekularisert tid.

Lansering

«Nordfjordboka» vert lansert på Nordfjord Folkemuseum onsdag 5. oktober. Seinare blir det presentasjon av boka saman med dei lokale historiske års-skrifta rundet i Nordfjord-kommunane når desse kjem seinare på hausten.

Søndagsskulekurs på hemmeleg stad

Tekst og Foto:
Ingvald Andersen
Frøyen.
NMS Misjonær
i Mali og Misjons-
konsulent for NMS
i Bjørgvin.
Juni/2016.



Fredag 12. mars ein stad i Mali i Vest-Afrika. Vi kom fram like før sola gjekk ned og køyerde inn i eit gardsrom der det stod eit hus som nesten var ferdig men der det enda ikkje var straum eller vatn. Eg kom frå sør i eiga bil, medan deltakarane kom frå nord i ei lita minibuss. Ingen hadde fått lov til å seie kor dei skulle, og i byen der vi kom var det berre ein lokal prest som visste kven vi var og kva vi skulle halde på med denne helgen frå fredag til sundag.

Det er ei uvant kjensle å skulle arrangere noko så ufarleg som eit kurs for sundagsskuleleiarar og samstundes måtte ta store omsyn til tryggleik. Diverre er den politiske situasjonen i Mali slik no at det i store deler av landet er umogeleg å vite om det er trygt eller ikkje, men vi held likevel fram med arbeidet vårt og lærer oss å jobbe langs nye vegar. Ikke slik at vi tek stor risiko, men vi forsøker å gjere det lille som er mogeleg ut frå tilhøva for å støtte dei lokale kristne og den lille kyrkja vi har vore med å bygge opp sidan starten i 1986.

Eg kan ikkje synne dykk bilet av alle deltakarane av omsyn til deira tryggleik, men mellom dei 14 som var med på kurset var dei fleste kristne ungdomar i alderen 15-22 år og nokre voksne. Alle er dei tilhøyrande fulani-folket og eg kjende mange av dei frå den tida vi sjølv jobba i Mali. Det gjer sterkt inntrykk å halde kurs for folk som ynskjer å dele trua si med andre trass i at situasjonen i landet er så vanskeleg og dei som kristne er ei lita minoritet. Det rører meg å sjå deira glede i songen og å høyre kor mykle Bibel-kunnskap desse ungdomane har fått med seg.

Innhaldet i sundagsskulekurset var mykle likt det eg kunne undervist om i Noreg, men den store skilnaden er at dei folka eg underviste denne helga i februar lev krevjande liv i eit land der det ikkje har vore fred og tryggleik på mange år. Difor vert det så amleis å undervise om bibelforteljingane og ny pe-



Ingvald A. Frøyen underviser og støttar ein av dei små, kristene kyrkjelydane i Mali.

dagogikk, fordi dei folka eg ser framfor meg bur her heile tida og skal halde fram med å leve her når eg er trygt heime i Noreg att etter besøket mitt. Til alle de som les denne korte teksten og ser dei enkle biletta vil eg gje ei utfordring: Hugs på dei kristne i Mali når du bed, og støtt gjerne økonomisk det arbeidet som kyrkjelyden og NMS har saman i Mali. Å jobbe som misjon i eit land som Mali er kostbart, fordi alt vert dyrt når det er ufred. Når vi framleis er i Mali så er det fordi vi trur det er viktig at vi ikkje trekker oss heilt ut no som det er harde tider, men er til stades også når det knip. Som misjonærer i Mali har

vi ei stor utfordring i det å formidle nytt heim til alle de i Noreg, for vi kan ikkje ta bilet av kor vi er eller kven vi møter, av omsyn til både vår eiga og andre si tryggleik, - men eg håpar at mange nok av dykk likevel klarer å skape dykk bilet ut av dei orda vi deler slik at de ser kor viktig det er at de framleis er med og støttar det kyrkjelydsbyggande og diakonale arbeidet i Mali.

Korleis er det i Mali? I Mali er det slik no at vi må arrangere søndagsskulekurs på ein hemmeleg stad. Det betyr at arbeidet ikkje er umogeleg, men særers vanskeleg og viktig.



Av omsyn til eigen tryggleik må dei samlast bak høge murar og på hemmelege stader.



Av fungerande sokneprest Henny Koppen

Tankar langs vegen

Det er så kjedeleg, passar ikkje meg

Blant mine beste minne frå barndommen, er gudstenestene i Dalsfjord kyrkje, der eg fekk sitje i klokkarstolen, som det heitte, saman med pappa. Der sat eg, litt høgt og fritt, med god utsikt til alt som skjedde i kyrkja, både oppe i koret og nede i kyrkjebenkane. Og eg kunne sole meg i at pappa var klokkar, han var på ein måte sjef for alt som skjedde der framme; laga bøner i starten og til slutt, hjelpte presten på og av med prestekleda, og under salmen etter preika gjekk han ut i dåpsakristiet for å sjå om der var dåpsborn. Og var det, måtte han varsle presten og skaffe dåpsvatn. Å, så kjekt det var å vere der, midt i alt som skjedde.

Då eg var ung, mista eg lysta til å gå til gudsteneste. Eg sa det same som vi høyrer så ofte i dag, det er så kjedeleg, det passar meg ikkje, songane går for høgt, dessutan syng dei ikkje mine songar, talane er like alle saman. Eg fekk dette rådet av far min: «Viss du vil bli verande eit kristent menneske skal du gå til gudsteneste. Der finn du det same ritualet, kvar enn i verda du er, du er med i eit fellesskap, du får høyre Guds ord, du får få delta i liturgien og gå til nattverd. Dette vil halde deg fast i trua, du vil bli verande hos Jesus».

Sigvert Dagsland har reflektert over kyrkja og gudstenesta sin plass i songen «Djube spor».

*Du har gitt oss kjerka, Gud.
Hu gjør vel ka hu kan.
Hu virke sleden, hu e litt rar,
men om hu svikte så e hu alt me har.*

Vi song denne songen på gudstenesta under Nesholmstemnet nettopp. Det var ei samling med liv og engasjement, med fulltonande song, eg gledde meg over å vere der, samtidig måtte eg tenkje på alle dei gudstenestene som ikkje er slik, og når vi kom til dette verset i songen, så stoppa det litt opp for meg, ein klump i halsen hindra meg i å synge. «Hu virke sleden, hu e litt rar». Ja visst, av og til tenkjer eg at gudstenestene ikkje har nokon appell, det er nettopp slik som Sigvert Dagsland syng,

kyrkja verkar sliten og rar, framand for mange, ukjent stoff, krav om å delta i ein liturgi som ein ikkje trivst med. Det kan vere så mangt, men trass alt «så e hu alt me har».



*Same kor underleg
kristenfolket kan framstå,
så gøymer kyrkja ein skatt
som ingen kan øydeleggje.*

Kyrkja og kristendommen er utsette for mykje kritikk, og noko er rett. Liv og lære stemmer ikkje alltid overeins, det finst alltid noko å kritisere, noko ein kunne gjort betre. Men same kor underleg kristenfolket kan framstå, så gøymer kyrkja ein skatt som ingen kan øydeleggje.

*Det e sagt å skreve møje sant om
liv å lære så sprige.
Men i avmakt, som ein diamant
gjømme kjerka ditt rige.*

*For bagom fromme ord og tågeprat
der kan eg møta deg
som har gått så tunge steg
for å møda meg.*

Skatten, diamanten som ligg gøymt i kyrkja, i gudstenesta, det er nettopp at Gud møter oss der, han er der, i ordet sitt, i bønene vi ber, i dåpen og nattverden, ja kanskje aller mest tydeleg i nattverden. Om vi ikkje forstår så mykje av det som blir sagt, så kan vi handle, gå på beina våre fram og ta imot Jesus, ta imot tilgjeving for alle våre synder, vite at den gode Gud tar imot oss, om vi twilar, om vi er usikre, og vi leitar etter svar.

*Eg komme te deg, Gud, me min svage tro
for sjøl om twilen kan ver stor,
så har Din godhet satt så djupe spor.*

Og kanskje får vi gå frå gudstenesta med desse orda klingande i hovudent:

Gå i fred, og kvil i Guds nåde. Guds nåde, det er nettopp det at han døydde for oss og tek imot oss nett som vi er. Ja, kyrkja og gudstenesta kan verke sliten og rar, framand og umoderne, men det er den vi har, og den vi må ta vare på om vi vil ha ei kyrkje i framtida. Eg tippar det er om lag 6000 menneske i Stryn og Hornindal som tilhører den norske kyrkja. Med 3 gudstenester kvar søndag, skulle det bli 2000 menneske på kvar av dei. Eg trur at i så fall ville kyrkja virke litt mindre sliten?

Det er makt i de foldede hender...



Vi veit at det allereie er mange som ber for trusopplæringsarbeidet i Indre Nordfjord, det er godt å vite! Takk for det viktige arbeidet de gjer, vi håpar de vil halde fram med dette! Vi trur bønn utgjer ein skilnad, og er takksame for all den tid og omtanke som blir lagt ned i denne viktige tenesta. I denne spalten vil vi i kvart nummer dele nokre bønneemne med dykk. I dette nummeret vil vi særleg minne om desse punkta:

- Årets konfirmantkull
- Trusopplæringssamlingane denne hausten: Førsteklassesklubb, hausttakkefest, sjørøvar fest og Lys Vaken.
- Festhelga med team Sulebakk 10. og 11. september.

Vi ønskjer framleis å knytte til oss nokre som kan tenke seg å gå inn i ei meir fast bøneteneste for trusopplæringa. Vi vil med jamne mellomrom sende ut e-post med oppdateringar og meir konkrete bønneemne. Om du kan tenke deg å vere ein slik forbedar, er det fint om du tar kontakt på e-post: annelin.lie@stryn.kommune.no

Av Beate Nes

Tysdag og søndag veka før skulestart fekk vi ta imot 40 flotte førsteklassingar til skulestartgudsteneste i kyrkjene våre. Mange spente 1.-klassingar dukka opp, med skulesekk på ryggen, og med stolte forldre og besteforeldre som følge. På veg inn i kyrkja fekk dei gå på raud løpar, som seg hør og bør for viktige personar. Dei fekk også ei gul stjerne rundt halsen, med påskrifta: Eg er Førsteklasses! Skapt av Gud og unik.

Å byrje på skulen er ein milepæl for alle barn, og som kyrkje vil vi vere med å markere det. Og som ved alle store markeringar, er det på sin plass med ballongar og eit lite fyrverkeri! For skulestartarane handlar det å byrje på skulen, også om ein overgang frå å vere eldst i barnehagen, til å vere yngst på skulen. På gudstenesta snakka vi om å glede seg, å grue seg, og om å få stole på at Gud er med oss i alle slags dagar, både når vi går i barnehagen, og når vi skal byrje på skulen.

I preika blei vi kjent med Bileam og eselet hans, og om velsigninga Bileam lyste over Israelsfolket. Vi fekk høre at å velsigne nokon, er det same som å sende gode tankar og ha gode ønske for nokon. På same måten vil vi som kyrkje vere med å velsigne den



Heilt Førsteklasses gudsteneste



nye epoken som skulelev, og formidle at Jesus er med i sekken.

Til slutt kom alle førsteklassingane fram og fekk utdelt 6-års boka. Denne putta vi opp i flunkande nye skulesekkar. Saman song vi velsigninga over dei: «Må Gud velsigna deg. Må Gud velsigna deg. Kvart minutt av di tid, kvar ein dag av ditt liv. Må Gud velsigna deg!» Og med ran-slane på ryggen, og med Guds velsigning over skulestarten, gjekk førsteklassingane ut i prosesjon mot eit nytt, spennande skuleår!

Førsteklasses-gudstenesta i august er



ein del av eit større opplegg. I etterkant av skulestartgudstenesta inviterer vi seksåringane til Førsteklassesklubb! Klubben har to samlingar, ei i september, og ei på vinteren 2017. Invitasjon kjem i posten!





Vi les Bibelen saman!

Ved Beate Nes

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Vi fortsett historia om Josef frå sist nummer.

Josef tyder draumane til hoffmennene

Josef var ikkje dei einaste av faraos menn som var sett i fengsel. Ei tid etter hende det at skjenkaren og bakanen til kongen i Egypt fornærma herren sin. Farao sette også dei i fengselet, der Josef var fange. Medan dei satt lenkja i fengselet, hadde dei to i ei og same natta kvar sin draum med ulik tyding. Då Josef kom inn til dei om morgonen, såg han at dei var nedtrykte. «Kvífor har de så triste andlet i dag?» spurde han. Dei svara: «Vi har begge hatt ein draum, men her er det ingen som kan tyda dei.» Då sa Josef til dei: «Høyrer ikkje tydinga Gud til? Fortel!»

Så fortalte skjenkaren draumen sin til Josef. Han fortalte om ei vinranke med tre greiner. Han hadde pressa druesaft ned i koppen til farao og gitt han å drikke. Det er lett å tyde, sa Josef: Om tre dagar er du fri, og tilbake i arbeid hos farao. Når det skjer, snakk godt om meg til farao. Då bakarmeisteren såg at Josef hadde gjeve ei god tyding, sa han til han: «Eg òg var i draumen min. Og sjå, eg hadde tre korger med kveitebrød på hovudet. I den øvste korga var det bakverk av alle slag til farao, men fuglane åt bakverket frå korga på hovudet mitt.» Då vart Josef bedrøva og svara: «Dette er ingen god draum. Om tre dagar skal farao ta livet av deg.» Josef hadde rett. Tre dagar etter vart skjenkaren sett fri, og bakanen død. Men skjenkaren hugsa ikkje på Josef; han gløynde han.

Josef tyder draumane til farao

To år etter hadde farao ein draum: Han drøynde at han stod ved Nilen. Opp frå elva steig sju feite kyr, etter dei steig sju magre kyr opp frå elva. Dei magre kyrne åt opp dei sju feite.

Då vakna farao, og forstod at det berre var ein draum. Men om morgonen var han uroleg til sinns. Han sende bod etter alle spåmennene i Egypt og fortalte dei om draumane sine. Men det var ingen som kunne tyda dei for han. Då hugsa skjenkaren på Josef, og fortalte farao om han og Josef vart henta til slottet for å tyde draumen. Josef svara: «Det er ikkje opp til meg, berre Gud kan gje eit svar som er godt for farao.» Så fortalte farao draumane sine til Josef. Då Josef hadde hørt på farao sa han: «Gud har late farao få vita kva han vil gje. Det vil komme sju gode og sju dårlege år. No må farao sjå seg ut ein vis og vitug mann og setja han over Egypt. I dei sju gode åra må de leggje tilside korn og spare til dei vonde åra.»

Josef styrer i landet

Farao forstod at Josef var ein gudfryktig mann som var til å stole på. Difor sette han Josef til å styre. Så mykje makt fekk han, at berre farao sjølv var over han. Josef reiste over heile Egypt, og sørga for at det vart laga store matlager. Etter sju gode år, byrja dei sju åra med hungersnaud. Det vart hungersnaud i alle land, berre i Egypt var det godt med mat. Og heile verda kom til Egypt for å kjøpa korn frå Josef.

Brørne kjem til Egypt

I Kanaan var ikkje livet lett for Jakob og familien hans. Då Jakob fekk vita at det var korn i Egypt, sa han til sønene sine: «Kvífor sit de og ser på kvarandre? Eg høyrer at det er korn i Egypt. Dra dit ned og kjøp korn til oss, så vi kan leva og ikkje døy!» Han sendte ti av brørne til Josef for å kjøpa korn i Egypt. Men Benjamin, den yngste, fekk ikkje vere med. Jakob var redd for å miste han og. Då brørne kom til Egypt var det Josef som tok imot dei, men dei kjende han ikkje igjen. Josef kjende dei igjen med ein gong, men han sa ingenting til dei.

Han ville setje dei på prøve, og sjå om dei var til å stole på. Difor lata han som om han trudde dei var spionar. Brørne prøvde så godt dei kunne å forklare at dei ikkje var spionar, men Josef ville ikkje høyre på dei. Istadenfor bad han dei reise heim og hente Benjamin, bror sin.

Brørne angra på det dei hadde gjort mot Josef den gongen. Kunne dette vere ei straff frå Gud? Før brørne reiste tilbake til Kanaan for å hente Benjamin, baud Josef at sekkanne deira skulle fyllast med korn. I Kanaan fortalte brørne Jakob om alt som var skjedd, men han nekta å la Benjamin reise. Han var livredd for å miste ein son til. Men kornet dei hadde fått med seg tok etter kvart slutt, og brørne bønnfall faren om å få reise tilbake, saman med Benjamin.

Til slutt gav Jakob si tillating. Og dei braut opp og drog ned til Egypt og steig fram for Josef.

Då Josef såg at Benjamin var med dei, sleit han med å halde tårene tilbake og han sa til styraren: «Før desse mennene heim, for dei skal eta hos meg ved middagstid!» Då Josef kom heim, bar dei fram gåva dei hadde med seg inn i huset, og kasta seg til jorda for han. Han spurde kornet det stod til med dei. Så sa han: «Står det bra til med den gamle far dykkar som de tala om? Lever han enno?» «Ja», svara dei, «det står bra til med far vår, han lever enno.» Dei bøygde seg og kasta seg ned for han. Då fekk hanauge på Benjamin, bror sin, og sa: «Er dette yngste bror dykkar, han de fortalte meg om?» Josef skunda seg bort, for kjærleiken til broren loga opp i han. Han gjekk inn i kammeret sitt og gret. Så vaska han seg i andletet og gjekk ut att og sa: «Set fram maten!» No vart det dekka opp. Alle åt og drakk. For ein fest det vart!

Framhald side 12



Som hovuddel av avskilspreike song Mari dei vakre songane «Vår beste dag» av Erik Bye og «Jesus för världen givit sitt liv» av Lina Sandell. I Erik Bye sin song står det m.a.: «... Mangt skal vi møte - og mangt skal vi mestre. Dagen i dag - den kan bli vår beste dag!», noko som kan passe for oss alle. Foto: Gunnhild Sindre. Fjordingen.



Ei av gåvene var ei teikning av Mari prest, i glas og råme, frå søndagsskulen. Foto: May Helen Lødemel Flaten.

Avskil med sokneprest Mari

Av Anne Lødemel Honningsvåg

Søndag 12. juli var det avskilsgudssteneste for sokneprest Mari Saltkjel i Hornindal kyrkje. Ho sluttar som sokneprest i Randabygd, Nordsida og Hornindal, og vert i staden sokneprest i Vågsøy.

Mange møtte fram, og sjølv om det var trist å skulle ta avskil med Mari var det likevel ei fin og minnerik gudsteneste. Som Mari sa sjølv: «Det er både trist og godt. Eg har hatt det så bra her, men eg treng å ha nettverket mitt nærrare. No bur vi fire generasjonar i eitt hus, og det er godt»

I starten av gudstenesta vart Jacob Elias Isane døypt, og vart dermed den siste av mange Mari har døypt i Hornindal.



Bjørn Solum har vore ein trufast samarbeidspartner for Mari m.a. under andaktene på Omsorgsenteret. Under ofringa song og spelte dei ein av sine «greatest hits», Perleporten, medan vi andre gjekk kring alteret. Foto: Gunnhild Sindre. Fjordingen



Etter gudstenesta hadde soknerådet laga til kyrkjekaffi. Der fekk Mari mange helsingar og gåver. Foto: May Helen Lødemel Flaten.

«Vår beste dag»

Tekst og musikk:
Erik Bye/ Jon Kirkebø Rosslund

Kom og lytt til lyset når det gryr av dag
Solen løfter sin trompet mot munnen.
Lytt til hvite sommerfuglers vingeslag;
Denne dag kan bli vår beste dag!

Stien som vi gikk i går er like ny;
Hemmelig som ved vårt første
morgengry;
Mangt skal vi møte - og mangt skal
vi mestre
Dagen i dag - den kan bli vår beste dag.

Kom og lytt til dypet når vi ror mot dag,
Hør, maneten stemmer sine strenger.
Løfterik er tonen i et fiskevak,
Denne dag kan bli vår beste dag!

Fjorden vår er like ny og blå og blank,
Blikket ditt er fritt og ryggen like rank,
Mangt skal vi møte - og mangt skal
vi mestre
Dagen i dag - den kan bli vår beste dag.

Kjære lytt til mørke når vår dag er gått,
Natten nynner over fjerne åser.
Mangt har dagen skjenket oss av stort
og smått,
Mer, kan hende, enn vi har forstått

Månen over tun og tak er like ny,
Men tier stille om vårt neste morgengry.
Mangt skal vi møte - og mangt skal
vi mestre
Dagen i dag - den kan bli vår beste dag!

Oddny under open himmel

Tilgjeving og kjærleik

*Fred mellom nasjonar,
fred mellom naboar,
fred mellom mann og kvinne,
fred mellom foreldre og barn,
fred mellom bror og søster,
Kristi fred som overgår all fred,
velsign oss alle!*

Eg er glad i heimen min, bygd mi og landet mitt. Slike tankar og kjensler trur eg mange på jorda har. Det siste året har eg møtt fleire som er drivne frå heimen sin, eller dei sjølve har teke avgjarda: Vi må flytte.

Heimen, mange kjære ting, slekt, skule og vene måtte dei seie farvel til, og vegn tilbake er usikker.

I ein familie som vart jaga ut av IS, var ei jente på 10 år. Ho fekk spørsmålet: "Kva tenkjer du om dei som gjorde det?"

Ho svara: "Eg vil dei ikkje noko vondt. Eg ber om at Gud må tilgje dei." Det var eit forsonande svar. Eg trur ikkje alle i hennar situasjon greier å svare og gjere det slik.

Tilgjevinga sin veg er ikkje enkel, men tilgjevinga si kraft er enorm.

I eit anna land stod ein flokk utanfor ei kyrkje. Det var eit bryllaupsfylge. Ein motorsykklist kom køyrande og skaut inn i flokken. Ei mor miste dottera si. Ho fekk same spørsmålet: "Kva tenkjer du om den som gjorde det?" Ho svarte: "Eg ber for han." Her møter vi ei motkraft mot hat og terror. Det er tilgjeving og kjærleik.

Jesus lærde lærersveinane sine å be for dei som forfølger dykk, tilgje dei som gjer vondt mot dykk, og elske dei som hatar dykk. Dette er vanskeleg, men som kristen kan ikkje hatet vere det dominerande. Det fremste kjennteiknet på Gud i forhold til ei vond verd er kjærleiken.

Vi er kalla til å gå med kjærleiksboet til alle, også dei vi definerer som fiendar av kristendomen, demokratiet og vestlege verdiar.

Mange av flyktningane er muslimar. "Lat oss elske muslimar, kritisere islam" var overskrifta på eit avisinnlegg 31. mars. Eg las stykket både ein og to gonger. Mange muslimar set pris på å møte tydelege kristne. Kanskje vi kan møtast

med respekt? Dei har noko å lære av oss, og vi kan lære noko av dei.

Ingen av flyktningane er komne her utan at dei har møtt redsel. Framleis er mange i redsel for familien i heimlandet. Lat oss gråte med og for dei som lid!

I "Fjordingen" 15. desember 2015 stod eit gåvetips som lydde slik: "Til din fiende – tilgivelse, til din motstander – toleranse, til alle – nestekjærighet." Dette er sagt eller skrive av Arnold Oren.

*Lat oss møtast i kjærleik,
og vi ber for flyktningar og eige folk:
Vi søker din veg, Gud,
Du leie vår fot!
Når vegane vert bratte,
og elvane går i stryk,
ver oss nær o, Gud!*



Signe Moldstad er gått bort

Signe Mathilde Moldstad, som var prestefru i Hornindal prestegjeld i tida 1967–1977, døydde 16. juli i år. Ho var aktivt med i kyrkjelydsarbeidet, og det er nok mange som hugsar henne frå

den tida. Bilde av henne vart teke då eg var på besøk ho henne i Norheimsund sommaren 2015.

Tekst og foto: Anne Lødemel Honningsvåg

Kombinert stilling som sokneprest og prostiprest

Stillinga som sokneprest i Hornindal, Nordsida og Randabygd vil no verte lyst ut med håp om tilsetjing i haust.

Det vert ei kombinert stilling som sokneprest og prostiprest. Fram til evt. tilsetjing vil Olaf Sigurd Gundersen, tidlegare sokneprest i Gloppe, vere fungerande sokneprest.

Olaf Sigurd Gundersen kan nåast på tlf. 951 36 059 eller e-post osgunder@online.no



Elisabeth Tisthamar

Min salme

Salme 492 "Ein fin liten blome", er ein salme eg har likt i lang tid. Salmen har fin melodi, og ikkje minst, set eg pris på teksten. Den fortel meg mykje om livet, og om det å vere menneske under Guds beskyttelse og omsorg. Då kan ein møte alle omstendigheter utan frykt, i full visshet om at Gud er med. Om livet "kler deg i snøkåpe", eller gjev deg "vårkyss", så er Gud der.

Ein annan grunn til at eg set pris på denne salmen, er at den minner meg om pappa. Han var så veldig glad i blomster. For eindel år tilbake, budde eg eit halvår i Ecuador. Kvar fredag ringde eg heim. Ein fredag var det pappa som svarte i andre enden. Som nordmann i "utlendighet", var eg sjølvsagt interressert i å høyre nytt frå "gamlelandet". På spørsmålet: "Er det noko nytt heime?", fekk eg følgande svar: "Nei her heime er no alt med det same gamle. Eg

trur ikkje det er noko nytt. Eller, jau forresten: I dag fann eg kvitveis innmed saga."

Eg syns det var så vel signa godt å få litt perspektiv på kva som er viktig. Det er ikkje nødvendigvis dei store hendingane som gjer mest inntrykk. Det faktum at kvitveisen dukkar opp kvart år, år etter år, fortel meg at uavhengig av korleis eg har det, så går livet sin gang. Kviteisen kjem, blæbæra modnar, laua blir fargerike, for så å falle til jorda. Sol, regn og snø og vind, krev sin plass, både til glede og forargelse. Så kan eg velge om eg vil glede meg over livet og alt det har å by på, eller om eg berre vil la det passere, utan å legge merke til dei små undera undervegs. Uansett kan eg synge som blomen:

Eg vil utfordre Jakob Kvamme, til å dele sin salme.

Framhald frå side 9

Sølvbegeret i sekken

Før brørne reiste tilbake til far sin, fekk dei fylt opp sekkane sine med korn. Denne gongen fekk Josef gjøymd sølvbegeret sitt i sekken til Benjamin. Brørne var ikkje komne langt, før Josef sende vaktene sine etter dei for å leite etter koppen. Brørne vart heilt forferda. Dei reiste straks tilbake til Josef

og kasta seg for føtene hans.

«Den som eig sekken, der begeret vart funne, må bli her som tenaren min. Resten kan reise» sa Josef. Førtvilinga var stor hjå brørne. «Lat meg bli og lat Benjamin gå» bad Juda. «Far døyr av sorg om ikkje Benjamin kjem heim»

Josef fortel kven han er

Då kunne ikkje Josef leggja band på seg.

Ein fin liten blome

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,
i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter.
Han står der så liten og blyg.*

*Sei, ottast du ikkje i skogen stå gjøymd
der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.*

*Eit bod frå min Herre du blome meg ber:
om einsleg eg vert på min veg,
så veit eg at Herren vil vera meg nær,
Gud Fader, han vernar òg meg.*

*Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgen meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær,
i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er,
den høver for vandringa her.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud!*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong
i morgonen œveleg klår,
og blanda med heilage englar min song
i himlen, dit døden ei når!*

Han brast i gråt og sa til brørne sine: «Eg er Josef, bror dykker, han de selde til Egypt. Ver no ikkje sorgfulle og døm ikkje dykk sjølve fordi de selde meg. Det var for å berga liv at Gud sende meg føre dykk. Det var ikkje de som sende meg hit, men Gud. Skund dykk, dra opp til far og sei at eg lever, og ta han med hit!»

(*Ei attforteljing av 1 Mosebok, kap. 40-45*)

Randabygd kyrkje – ei levande folkekyrkje i 100 år!



Leiar i Nordsida sokneråd, Rune Berglid, overrakte Norsk Koralbok, - ei nyttig gāve til kyrkja.



Signy og Olav J. Henden vart vigde i "Hoplandskirka" i 1932. Foto: Olav Sande, Sandane/Florø.



Biskopen heldt preika.



Kjøkengjengen, f.v. Lene Olsen, Oddny Aaland, Gunnlaug Brendehaug, Trine Marie Aanonsen Alme, Jan Reidar Tvinnereim, Ann Elin Kandal, Rasmus Hopland, Rasmus Bersvein Tvinnereim og Irene Stensaker.

Av Geir-Ståle Vatnamo

Før 1916 hadde dei i Randabygda godt etablerte misjonsforeiningar som fungerte bra. Kristenfolket var allereide engasjerte i Rand og Tistam misjonsforeining. Men dei mangla ei folkekyrkje som kunne samle folket frå vogge til grav. Det var tungvint å måtte reise til Vereide eller Utvik i båt i all slags ver året rundt både i dåp og gravferd. Ein kyrkjekomite tok saka og etter fleire års planlegging vart Randabygda kyrkje fullført i 1916. I fyrstninga vart den kalla Randabygda kapell.

Omtrent slik fortalte historikar Jon Tvinnereim om bakgrunnen for kyrkja. Under festmiddagen i grendahuset var det fleire som understreka at kyrkja ofte er det viktigaste bygget i ei lita bygd ved sida av skulen og grendahuset.

Tidlegare sokneprest i Hornindal, Ole Amund Gillebo, las frå salme 561 i Salmeboka, der det mellom anna står: «Her hvor vi bor, står et bygg som et tegn på vår tro». Uttrykket «tru» kan godt samanliknast med «tillit». Ein kan i så måte seie at folket har tillit til kyrkja dei tilhøyrrer. Randabygd kyrkje er ei kyrkje for heile soknet, for liten og stor. Men, som biskopen var tydeleg på, de må bruke kyrkja, også på søndagane, for i dag les vi besøkstalet i statistikkane. Og bevilgningane til sokna og prestestillingane vert ofte vurdert ut frå kor mange som brukar kyrkja.

«Kom, for alt er ferdig»

Dette sa biskopen då vi skulle fram og motta nattverden. Dei same orda kunne leiar i soknerådet brukta: For då Reidar



Biskopen helsar på folket.



T.v. Anne Karin Rand Torheim, som bur på Eid, men er no i heimbygda for å syng med Stårheim songlag. Th. Stine Mikalsen frå Eid syng også i Stårheim songlag.



Reidar Sørland studerer gāva frå Hornindal Sokneråd, ei skrå hylle til alteret, for å legge Bibelen oppå.

Sørland som første mann ut ønskte velkommen til kyrkje og jubileum, skjøna ein fort at framfor jubeldagen har det vore utført mange dagnadstimar.

100-årsjubilanten hadde tatt bunaden på, og då vi kom var alt ferdig! I 2013 vart kyrkja måla og i seinare tid har dei laga eit universelt inngangsparti i naturstein, ogstā tilrettelagt for rullestolbrukarar. Det har vore laga nye dreneringsgrøfter rundt kyrkja, og nytt handicaptolett er også bygt.

Kjøkengjengen i grendahuset var og frivillede medarbeidarar. Dei gjorde ein flott innsats. Kjempegod betasuppe og jubileumskake stod på menyen i tillegg til mykje anna «kremgodt».

Det kom inn over 8000 i kollekt til kyrkja. Under festmiddagen mangla det ikkje på gratulasjonar og gāver til kyrkja.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksame på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, so følg med i avisene.

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

18. september; 18. s i treeiningstida

– Mark 1, 40-45

- Nedstryn 11:00 Misjonsgudsteneste. Ved Henny Koppen. Presentasjon av konfirmantane.
- Innvik 11:00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde. Presentasjon av konfirmantane og utdeling av 4 årsbok
- Randabygd 11:00 Gudsteneste. Ved Olav Sigurd Gundersen. Presentasjon av konfirmantane
- Nesodden, Loen 16:00 Friluftsgudssteneste. Ved Henny Koppen. Presentasjon av konfirmantane

25. september; 19. s i treeiningstida

– Luk 9, 57-62

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen. Presentasjon av konfirmantane
- Olden 11:00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde. Presentasjon av konfirmantane
- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Olaf Sigurd Gundersen. Presentasjon av konfirmantane

2. oktober; 20. s i treeiningstida –

Matt 18, 1-11

- Nedstryn 11:00 Hausttakkefest. Ved Erling Tronvik. Utdeling av 4 årsbok
- Utvik 11:00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde. Presentasjon av konfirmantane og utdeling av 4 årsbok
- Hornindal 11:00 Hausttakkefest. Ved Olaf Sigurd Gundersen. Utdeling av 4 årsbok.

9. oktober; 21. s i treeiningstida –

Luk 12, 13-21

- Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen / Sigrun Reinhardtzen.

- Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

10. oktober; måndag

Utvik Sjørøvarfest. Tid ikkje fastsett
Nedstryn Sjørøvarfest. Tid ikkje fastsett

16. oktober; 22. s i treeiningstida; Luk 10, 25-37

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved
- Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Sigrun Reinhardtzen
- Olden 16:00 Gudsteneste. Ved Sigrun Reinhardtzen

23. oktober; 23. s i treeiningstida – Matt 24, 35-44

- Oppstryn 11:00 Hausttakkefest. Ved Olaf Sigurd Gundersen. Utdeling av 4 årsbok.
- Nordsida 11:00 Hausttakkefest. Ved Sigrun Reinhardtzen. Utdeling av 4 årsbok
- Randabygd 15:00 Hausttakkefest. Ved Sigrun Reinhardtzen. Utdeling av 4 årsbok
- Utvik 16:00 Gudsteneste. Ved Olaf Sigurd Gundersen

30. oktober; Bots- og bønedag; Luk 15, 11-32

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

6. november; Helgemessesøndag – Luk 6, 20-23

- Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Nordsida 15:00 Lysmesse. Ved Sigrun Reinhardtzen

- Olden 16:00 Hausttakkefest. Utdeling av 4 årsbok. Ved Harald Runde

- Hornindal 20:00 Lysmesse. Ved Sigrun Reinhardtzen.

13. november; 26. s i treeiningstida – Luk 13, 10-17

- Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Randabygd 11:00 Gudsteneste. Ved Olaf Sigurd Gundersen
- Nedstryn 19:00 Kveldsgudsteneste. Ved Henny Koppen

20. november; Domssøndag / Kristi kongedag – Joh 9, 39-41

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Lys Vaken. Ved
- Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Olaf Sigurd Gundersen

27. november; 1. s i adventstida – Matt 21, 1-11

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. LysVaken. Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Gudsteneste. LysVaken. Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Gudsteneste. LysVaken. Ved kateket Beate Nes

4. desember; 2. s i adventstida – Joh 14, 1-4

- Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Grendahuset, Randabygd 12:00 Gudsteneste. Ved Olaf Sigurd Gundersen. Basar m.m.etter gudstenesta.



Slekt skal følge slekters gang



OPPSTRYN

Døypte:

12/6 Sofie Margrethe Bratshaug.
For. Monica Tarlebø Bratshaug
og Magnus Arne Glosvik

Døde:

27/7 Mons Breidablikk f. 1931

Nedstryn

Døypte:

28/5 Sophia Asphaug Hool.
For. Siri Asphaug
og Mathias Hool

5/6 Gaute Skaare.
For. Stine Moldestad Skaare
og Jan Skaare

19/6 Martine Lindvik Garlid.
For. Michelle Lindvik
og Otto Garlid

10/7 Erlend Maurset Ørjasæter.
For. Kristine Maurset
og Hans Ørjasæter

10/7 Henrik og Håkon Heimlid.
For. Siv Myklebust og Henning
Heimlid. Døpt i Ørsta kyrkje

24/7 Briana Barza Svarstad.
For. Bianca Florina Barza
og Willy Roger Svarstad

Vigde:

25/6 Andrea Ulvedal Bøe
og Erik Phalgun Snellingen

2/7 Tonje Stenseth og Stig Ove Hol
9/7 Solrunn Gjerde Farnes
og Sigve Storvoll

23/7 Thea Akselberg Sætre
og Ola Sondre Bø

Døde:

6/6 Roy Ove Nilsen f. 1944
11/7 Aslaug Inga Bøe f. 1923
26/7 Kari Vik f. 1928

LOEN

Døypte:

29/5 Marthe Guddal.
For. Merethe og Terje Guddal

26/6 Sebastian Hopland-Nechita.
For. Hege Beate og
Florin Vasile Hopland-Nechita

Vigde:

25/6 Terese Kvalheim
og Sverre Otto Sæten

Døde:

21/6 Reidar Oppheim f. 1944

HORNINDAL

Døypte:

12/6 Jacob Elias Isane Nygård.
For. Lillian K. Isane
og Ole Christian Nygård

14/8 Sannah Lødemel Sollid.
For. Mathilde Olin Lødemel
og Håvard Sollid

14/8 Aksel Lillestøl Schiøtz.
For. Kristine Lillestøl
og Thomas Schiøtz

14/8 Iver Tronstad Grodås.
For. Turid Elisabeth Tronstad
og Anders Langlo Grodås

Vigde:

2/7 Agnete Melvoll
og Øyvind Muldsvor

23/7 Britt Elin Brendefur Frøysa
og Sivert Kalvatn

13/8 Ingrid Urdal
og Per Anders Svor

Døde:

15/6 Gunvor Gausemel f. 1918

18/6 Ola Reidar Lillestøl f. 1931

2/7 Fritjof Solheim f. 1937

23/7 Olav Engelund f. 1929

NORDSIDA

Døde:

2/7 Anders Haugen Langeset
f. 1941

RANDABYGD

Døypte:

9/7 Anna Adolfsen Brendehaug.
For. Karoline Adolfsen
og Magnus Brendehaug

23/7 Jakob Horge Rauset.
For. Karianne Horge Nygård
og Kurt Erik Rauset

23/7 Sander Sølvberg-Skrede.
For. Cathrine Sølvberg
og Ove Morten Skrede

Vigde:

9/7 Marianne Roset
og Hans-Erik Rand

UTVIK

Døypte:

19/6 Synne Kloster.
For.: Jarle Kloster
og Ellen Bruland.

Vigde:

6/8 Reidun Revne
og Klaus Tore Støve Lerum.

Døde:

22/6 Kjell Dagfinn Fløtre, f. 1939.
10/8 Dorothy Elisabeth Blindheim,
f. 1935.
11/8 Olga Hammer, f. 1921.

INNVIK

Døypte:

5/6 Malvin Sørland.
For.: Ørjan Nilsen og Gunn-
Therese Lund Sørland.

Døde:

23/8 Gunnvor Taraldset, f. 1938.

OLDEN

Vigde:

14/5 Mona – Jill Knapp Forssen
og Rogeir Haugen
(Ljosheim kap.)

4/6 Marianne Kvame
og Bjarte Lofnes Hauge
(Ljosheim kap.)

11/6 Ingeborg Malm og Sindre
Aabrek. (Ljosheim kap.)

18/6 Benedicte Tysse og Sivert
Sørås. (Olden krk.)

20/8 Åse Marie Tøsse og Jørgen
Eidhamar (Olden gamle krk.)

Døde:

19/5 Anna Fløtre, f. 1918.

3/6 Norunn Aslaug Bergljot
Skarstein, f. 1918.

10/6 Solbjørg Sætren, f. 1930.

1/7 Jon Yri, f. 1935.



B

Fulldistribusjon

Misjonsselskapet med haustmesse 5. november på Betania, Nordfjordeid

Det Norske Misjonsselskap (NMS) har kvar haust misjonsmesse i Betania på Eid.

Her er det muleg å få kjøpt heimelaga matvarer og handarbeid, ta lodd på fine gevinstar og kose seg med ein kopp kaffi og god mat. Og ikkje minst kan du lytte til god forkynning på bibeltimen.

Misjonsfesten laurdag ettermiddag er høgdepunktet.

PROGRAM:

10.30: Messa opnar

**12:00: Bibeltime
v/Kåre Oksholen**

**15:00: Misjonsfest med song-
og musikkinnslag
Festtale v/Toril Lange
Servering**

**Velkomne til ein triveleg dag der
du støttar misjonen!**

Arr: Nordfjord område av Det
Norske Misjonsselskap (NMS)

MISJONSSTEMNE

i Indre Nordfjord

Det Norske Misjonsselskap
i samband med gudstenesa
søndag 18. september kl.11
i Nedstryn kyrkje.

Frå NMS: Ingvald A. Frøyen.
Kyrkjekaffe

Trusopplæringsplan hausten 2016

Kva skjer	Dato og sted
Helt førsteklasses gudsteneste	09.08 Nedstryn kl 14 og Loen kl 18.00
Festdag for store og små	14.08 Homindal kl 11 og Innvik kl 11
Resak av Team Sulebakk	10-11.09 Foralle, i Olden.
Førsteklassesklubb	Korseminar, konsern, gudsteneste og basar
	14.09 Olden
	21.09 Homindal
	22.09 Oppstryn
	28.09 Nedstryn
	10.10 Utvik og Stryn
Spareverfest for alle 4 åringer i haustfesten.	21.08 Loen
Familiegudsteneste med utdeling av 4årsbok (Haustakkefest)	18.09 Innvik
	02.10 Utvik, Homindal, Nedstryn
	23.10 Randabygd, Nordsida, Oppstryn
Kasattegudsteneste	06.11 Olden
Nattecup for konfirmanatar	08.11 Nedstryn kyrkje
Innsamling for 3 åringer	04.11 Måløy
Fys Valheim	I bygdene, i samarbeid med sundagskulen.
	19-20.11 Oppstryn,
	26-27.11 Nedstryn, Utvik, Homindal

Babysong

Tysdagar
kl 10.30
i Betania



Følg kyrkja i Indre Nordfjord på
facebook.com/strynkyrkja

KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

0601

Nr 4 – 2016 kjem i posten rundt 24. november. Redaktør er Anna Marie S. Vatnamo.
Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 21. oktober.